



Øygardsbåtane AS
Geitanger
5360 KOLLTVEIT

Dato: 18.05.2015
Vår ref.: 2014/23044-64
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

M/S Vestgar - Tilskot til fartøyvern 2015

Vi viser til søknaden Dykkar dagsett 30.11.2014.

Søknaden vart handsama av Kultur- og ressursutvalet i møte den 13. mai i år, sak 75/15.

Kultur- og ressursutvalet vedtok å gje eit tilskot på **kr 40.000,-** av fylkeskommunale midlar, budsjettpost 10.400.650.04 og frå statsbudsjettet 2015 kap 1429 post 74.

Tidsavgrensing

Tilskotet gjeld tildelingsåret og det påfølgande år.

Rapportering

Tiltakshavar skal rapportere om status for tiltaket innan utgangen av tildelingsåret og endeleg rapport må innleverast innan 15. november i det påfølgande året.

Rapporten skal innehalda:

- a) Utgreiing av gjennomførte tiltak og eventuelle avvik frå planen for tiltaket.
- b) Rekneskap med oversikt over kostnader og finansiering.
- c) Dokumentasjon i form av foto teke før, under og etter tiltaket.

Godkjende planar

Det må liggja føre planar godkjende av fylkeskonservatoren **før** arbeidet vert sett i gang.

Arbeidsgjevaransvar

Søkjaren må sjølv stå som arbeidsgjevar for dei handverkarane som skal utføra arbeidet. Dette inneber at rekningar skal adresserast til søkjar, som må forskottera utbetalinga.

Utbetaling

Utbetaling skal normalt skje etter oppmoding frå mottakar av tilskotet saman med rapport og rekneskap. Forskotsutbetaling kan avtalast særskilt.

Det må takast atterhald om heil eller delvis tilbakebetaling av tilskotsmidlane dersom det viser seg at prosjektet ikkje er blitt gjennomført etter føresetnaden.

Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll med at midlane vert forvalta slik som føreset. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei opplysningane ein finn påkrevd for sin kontroll.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Vi legg ved skjemaet **aksept for vilkår av tilskot** som må returnerast kultur- og idrettsavdelinga.

Per Morten Ekerhovd
Fylkeskonservator

Sakshandsamar: Stein Ottosen

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.